

## Avdukar minneplate

Flå kommune heidrar ein av bygdas store søner, Kolbjørn Buøen.

Det er kommunen som eig barndomsheimen til skodespelaren, som døydde i 1975, 80 år gammal. Sundag skal det avdukast ei minneplate utanfor huset midt i Flå sentrum, og inne i den store bygningen skal det opnast eit minnerom. Blant dei inviterte som vil vere til stades er skodespelarane Liv Dommersnes og Maya Lise Rønneberg.

Flå kommune har også tidlegare heidra Buøens minne. Det skjedde i samband med tusenårsstiftet då heimen hans var kommunens tusenårsstad. I dag blir ein del av huset brukt til kulturskule.



Minnast: Kolbjørn Buøen.

- Buøen var i elitedivisjonen, me gjer dette for å ære han, seier ordførar Hans Bekken.

## Rektor ved Gol ungdomsskule

Hallgeir Haugen er tilsett som ny rektor ved Gol ungdomsskule. Han har takka ja og tiltreier i stillinga 1. august.

Forgjengaren, Lars Brattested, har sagt opp rektorstillinga og går over i undervisningsstilling ved skulen.

## Stor støtte til døveskule

Marit Kolstadbråten er meir enn kjempeglad. Ho fekk inn heile 83.000 kroner på loppemarknad. Pengane kjem vel med til døveskule i Kenya.

**Olav J. Bøthun**  
oje@hallingdolen.no

Kolstadbråten er full av takksemnd overfor alle som støtta aksjonen i Ål i helga med loppemarknad, auksjon og lotteri. Ho takkar både enkeltpersonar andre frivillige og lag og organisasjonar som gjorde dette til ein suksess.

### Kjempestort

- Dette vart verkeleg stort, seier ei overvelda Kolstadbråten. Ho er svært imponert over korleis hallingane

støttar prosjektet.

- Me hadde loppemarknad med mange ulike varer, basar med masse gevinstar og ikkje minst ein både spennande og innbringande auksjon. Det var moro å vera med på noko slikt. Og når folk på toppen av det heile kunne kose seg og vera i god stemning, kunne det ikkje vera betre, seier ho.

### Bygggestart

I juli reiser Kolstadbråten til Kenya for å setja i gang sjølve byggeprosessen ved Gyanchere døveskule.

- 83.000 kroner er utruleg mange pengar for dei i denne samanhengen, seier ho.

Marit Kolstadbråten opplyser at dei varene som ikkje vart selde gjekk vidare til Barnehjelpen og Fretex.

- Det som då var att, sende me til Kleivi. Ingenting gjekk til spille.

## Stal frå bustad

Ein playstation vart stole frå eit bustadhus på Heslaskogen i Gol midt på dagen tysdag. Tju-

ven kom seg inn i huset gjennom eit ope vindauge.



## GUDSTENESTER.

**Sundag 12. juni**

**Hol kyrkje kl. 11.00 og kl. 13.00:**

Konfirmasjon v/Jensen. Geilokonfirmantene. Kirkeskyss tlf. 32 08 93 52.

**Torpo kyrkje kl. 11.00:**

Høgmesse. Kona. Offer til Menigh.barnehage i Oradia, Romania. Kyrkeskyss tlf. 32 08 11 01.

**Vats fjellkyrkje kl. 11.30:**

Nattverdsgudst. for eldre. Magelssen. Offer til fjellkyrkja. Kyrkeskyss tlf. 32 08 43 10 el. 32 08 46 71

**Herad kyrkje kl. 11.00:**

Høgmesse. Skinnemoen. Takkoffer kyrkjelydsarbeidet.

**Hemsedal kyrkje**

**kl. 11.00:**

Høgmesse. Jan Fredrik Raastad. Takkoffer Institutt for sjelesorg. Modum.

**Nes kirke kl. 11.00:**

Fagermoen. Nattverd. Oftring til menighetsarbeidet.

# Solgt! På zett.no

Når du bestiller en rubrikkannonse i avisen, legger vi den selvfølgelig ut på [www.zett.no](http://www.zett.no) samtidig. zett.no er Norges hurtigst voksende nettsted for kjøp og salg. Der kan hele Norge se hva du har å selge. Legger du inn bilder i tillegg, kan vi garantere deg enda bedre muligheter for et hurtig salg og en god pris.

eiendom stilling bil båt smått & stort

*Hallingdølen*

**zett.no**

KJØP & SALG NORGE RUNDT